

Formannskapet

OLJE- OG ENERGID. DEPARTEMENTET	
02 / 2351 - 121	
DATO 31 MARS 2003	
AN 501	EKSP.
Vassdr. l.	

Møtedato: 24.03.03

UTSKRIFT AV MØTEBOK

Saksbehandlar: Svein Oftedal

Arkivsaksnr.: 02/01463 - 005

Arkiv: S01

## INDUSTRIKONSESJONSLOVA OG VASSDRAGSREGULERINGSLOVA - ENDRING - HØYRING

Olje- og energidepartementet (OED) har i skriv datert 29.11.02 sendt ut forslag til endringar i reglane om hjemfall mm på høyring.

### Kort om høyringssaka

OED foreslår å innføra hjemfall av alle offentleg eigde vannfall om 75 år, rekna frå og med dato då lovendringa trer i kraft. Forslaget fører med seg at bedrifter som i dag blir kontrollerte av kommunar og fylkeskommunar utan vederlag må overføra sine produksjons- og reguleringsanlegg med vannfall til Staten i 2079.

Samla hjemfall i 2079 vil innebere ei overføring av eigedelar frå kommunar og fylkeskommunar til Staten som i dag har ein økonomisk verdi på ein stad mellom 160 og 200 milliardar kroner. Ekspropriasjonen og nasjonaliseringa utgjer om lag 85 % av den samla norske kraftbransjen.

Vidare foreslår OED å endra andre reglar som relaterer seg til situasjonen i det hjemfallstidspunktet nærmar seg. I tillegg blir det foreslått endringar av enkelte andre reglar som ikkje har betydning for hjemfallsinsittuttet.

### OED sine forslag til endringar i regelverk - hovudtrekk

#### *Hjemfall og hjemfallsrelaterte reglar*

- Innføring av konsesjonar med vilkår om hjemfall av alle vannfall med produksjons- og reguleringsanlegg kjøpt etter 1909 som er eigd av offentleg eigde selskap om 75 år, rekna frå og med dato då lovendringa trer i kraft.
- Påleggja alle eigarar plikt til sjølv å henta inn konsesjonar med vilkår om hjemfall frå myndigheitene etter lovendringa og sjølv kosta tinglysinga av konsesjonane.
- Innføring av heimlar for pålegg og sanksjonar frå myndigheitene for å sikra at anlegga er i driftsmessig tilfredsstillande stand i samband med hjemfall.
- Oppheva eigar si plikt til å stilla garanti for konsesjonsavgift som påbeløper etter at anlegget er hjemfalt til Staten.

#### *Overdraging og konsesjonar*

- Innføring av likestilling mellom offentlege kjøparar på den eine sida og private og utanlandske på den andre sida ved innføring av like vilkår for innvilging av søknad om konsesjon for kjøp/leige av vannfall mm.
- Oppheving av lovbestemte fylkeskommunale- og kommunale forkjøps- og fortrinnsrettar ved sal eller utleige av vannfall som ikkje er konsedert.
- Heving av grensa for konsesjonsplikt.

- Lovfesting av forvaltningspraksis som gjeld konsesjonsplikt ved kjøp av meir enn 90 % av aksjane i kraftprodusentar.

OED varslar også at praksisen gjeldande fordelinga av verdier mellom stat og vertskommune i samband med hjemfall skal endrast. Vertskommunane skal etter deira forslag få ein mindre del av dei hjemfalte verdiane samanlikna med det som følgjer av dagens praksis.

### **Betydning for Lyse Energi AS**

Den ekspropriasjon som er foreslått vil for Lyse sine eigarar omfatta markedsverdiar for meir enn 10 mrd kroner. Klepp kommune sin del i dette er 4,23 %.

Lyse Energi AS har utarbeidd forslag til høyringsuttale til dei endringane som er foreslått (vedlegg).

Hovudpunkta i denne er:

”Lovendringsforslaget innebærer et dramatisk inngrep i eiendomsretten, og Lyse mener at dette ikke kan forsvares ut i fra de begrunnelser som fremmes i høringsdokumentet. Spesielt blir dette vanskelig å akseptere når det eksisterer et lovverk som med bare mindre endringer vil tjene de samme hensikter og når det foreligger en rekke alternative løsningsforslag som er mindre inngripende i forhold til dagens eiere.

Lyse mener at dette tyder på at OED har lagt for lite arbeid ned i forarbeidet til høringen og at arbeidet derfor ikke er i overensstemmelse med Utredningsinstruksen av 18. februar 2000. Utredningsinstruksen slår fast som et overordnet prinsipp at alle sider ved og konsekvenser av et lovutkast skal vurderes grundig før forvaltningen sender ut et høringsnotat.

Lyse mener at eierskapet i selskapet er beskyttet av Gunnloven og Lyses eiere vil vurdere å rette et betydelig erstatningskrav mot staten hvis lovendringsforslaget blir vedtatt.

Lyse anbefaler derfor at OED setter ned et bredt sammensatt lovutvalg som:

- utreder behovet for endringer i lovverket
- og hvis et slikt behov foreligger – utreder flere alternative endringer i lovverket.
- ser på konsekvensene av de alternative endringene for alle impliserte parter.
- sikrer en helhetlig behandling i forhold til alle juridiske implikasjoner av endringene.
- Sikrer en helhetlig gjennomgang av rammebetingelsene i kraftbransjen ved å se eventuelle endringer i Industrikonsesjonsloven og Vassdragsreguleringsloven i sammenheng med at kraftbeskatning er under ny vurdering.”

### **Vedlegg:**

Forslag til høyringsuttale frå Lyse Energi AS

**Innstilling:**


Rådmannen tilrår slikt vedtak:


Klepp kommune deler Lyse Energi AS sitt syn i saka og slutter seg til høyringsuttalen frå Lyse Energi AS av 23.01.2003.

**Samrøystes vedtak:**

Rådmannen sitt framlegg vert godkjent.

Rett utskrift, 25.03.03

  
Elfin Lea  
ordfører

  
Anbjørg Wetteland  
formannskapssek.

Kopi til:

Lyse Energi AS, Postboks 8124, 4069 Stavanger

Olje- og energidepartementet, Postboks 8148 Dep, 0033 Oslo

Norges Vassdrags- og energidirektorat, Postboks 5091 Majorstuen, 0301 Oslo  
Økonomisjef